



N O R G E

# Konsesjonsvilkår

## Høyanger helikopterplass, Fjellvegen og Høyanger helikopterplass, Ekrene

---

### *1 Konsesjonshavaren sitt ansvar*

Statkraft Energi AS (org 987059729) er konsesjonshavar og ansvarleg for å driva og inneha landingsplassane i samsvar med konsesjonsvedtaket og dei tilhøyrande konsesjonsvilkåra.

Konsesjonshavaren er ansvarleg for at konsesjonsvilkåra vert gjort tilgjengelege for brukarar av landingsplassane.

### *2 Bruk av landingsplassen*

Landingsplassane er til privat bruk, og kan berre verta brukt etter løyve frå konsesjonshavaren. Landingsplassane skal berre bli nytta i samband med fjerning av vassdragsanlegg. Forsvars-, politi og luftambulanseoppdrag er likevel tillate, og kan bli føretatt utan løyve frå konsesjonshavaren.

Konsesjonen gjeld for perioden 1. mai 2024 til 1. oktober 2025, og for eit samla trafikkomfang på maksimalt 18.000 flyrørsler i konsesjonsperioden for begge landingsplassane. Høyanger helikopterplass, Fjellvegen, skal likevel berre bli brukt fram til 1. mai 2025. Landingsplassane kan bli brukt alle dagar mellom kl. 0700 og kl. 1900, utanom helge- og heilag dagar, med mindre det vert fastsett andre operative restriksjonar for bruk av landingsplassen.

Konsesjonshavaren skal føra logg over talet på flyrørsler, der dato og tidspunkt for flygingane går fram.

Luftfartsstyresmaktene kan bestemma at konsesjonshavaren skal senda inn trafikkdata for landingsplassen.

### *3 Miljøkrav*

Konsesjonshavaren har ansvar for at det blir utarbeidd inn- og utflygingstrasear i samarbeid med lokale styresmakter.



N O R G E

---

#### 4     *Varslingsplikt*

Konsesjonshavaren skal varsle luftfartsstyresmaktene om fysiske eller juridiske endringer knytt til landingsplassen dersom endringa er av ein slik karakter at ho kan ha tyding for vurderinga av vilkåret allmenne omsyn, jf. luftfartslova § 7-6 første ledd. Det same gjeld for større endringar i bruk av landingsplassane. Varslinga må skje i god tid før endringa finn stad slik at luftfartsstyresmaktene kan ta stilling til om endringa føreset endra konsesjon.

#### 5     *Dispensasjon*

Når særlege grunnar tilseier det, kan luftfartsstyresmaktene dispensera frå konsesjonsvilkåra.

#### 6     *Endring, tilbakekall og gebyr*

Luftfartsstyresmaktene kan endra konsesjonsvilkåra i konsesjonsperioden.

Konsesjonen kan verta tilbakekalla dersom konsesjonsvilkår, lovføresegner eller forskrifter som gjeld for konsesjonshavaren si verksemd, på vesentleg måte blir brotne under utøving av verksemda.

Luftfartsmyndigheten kan gje pålegg om gebyr til den som driv eller er innehavar av landingsplassane i strid med konsesjonsvilkåra.

### **Luftfartstilsynet**

15. november 2023

Nina B. Vindvik  
juridisk direktør  
Direktoratsavdelinga

*Dokumentet er elektronisk godkjend og krev difor ikkie signatur.*